



SOGN REGIONRÅD



Hardangerrådet iks



Voss herad

Olje- og energidepartementet

[postmottak@oed.dep.no](mailto:postmottak@oed.dep.no)

## **STRAUMPRISANE – UTTALE FRÅ SOGN REGIONRÅD, HARDANGERRÅDET OG VOSS HERAD**

Noreg er den største produsenten av vasskraft i Europa. Fornybar og evigvarande vasskraft har vore og er eit stort nasjonalt fortrinn, både klimamessig, miljømessig og samfunnsøkonomisk. Vasskrafta står i dag for ei årleg verdiskaping på om lag 60 mrd. kr. i eit normalår. Meir enn 95% av innanlandsk energiforbruk kjem frå vasskraft.

No erfarer vi ein ekstraordinær situasjon i kraftmarknaden, både i Noreg og i Europa. Etter rekordlåge prisar i 2020, auka straumprisen kraftig gjennom heile 2021, og gitt ei monaleg auke i straumutgiftene til norske forbrukarar.

Kraftsituasjonen er også prega av avgrensingar i overføringskapasitet mellom sørlege og nordlege deler av Noreg. Dette har ført til stor prisskilnad på straum i dei ulike prisområda sør og nord i Noreg.

Regjeringa la til grunn i Hurdalsplattforma at på lengre sikt vil utbygging av meir lønsam kraftproduksjon, auka forbruk i nord, og styrking av nettet både på norsk og svensk side, bidra til å redusere skilnader i pris mellom nord og sør.

### **1) Mellombelse strakstiltak som gjeld for alle:**

Vi meiner dei ekstremt høge kraftprisane vi ser no trugar den tryggleiken vi i alle år har følt på når det gjeld leveranse av kraft. I dag er problemet den økonomiske mogelegheita folk har for å skaffe seg nok kraft. For dei dette gjeld, er det likegyldig om det er fysiske eller økonomiske grunnar som gjer at tilgangen til kraft vert avgrensa. Verknaden er den same – og den kan bli katastrofal, både for einskildpersonar, hushald, kommunar og næringsliv.

Regjeringa har allereie sett i verk ei rekke støttetiltak av ulik karakter, og med openberre positive verknader. Nokre av tiltaka er først og fremst av sosial karakter. Vi tillèt oss å stille spørsmål om slike tiltak vil vere egna som varige støtteordningar? Vi meiner klart at det vil vere naudsynt å vurdere fleire tiltak av meir varig karakter.

Vanlege hushald betaler regelmessig både el-avgift og mva. på elektrisk kraft. Med nokre unntak betaler industrien el-avgift og mva. – sjølv om næringslivet på generell basis har frådragsrett for inngåande mva.

Regjeringa har allereie redusert el-avgifta, men har til no sagt nei til å redusere mva. Vi meiner det kan vere grunn til å sjå på dei auka statlege inntektene i denne situasjonen, og korleis desse kan «fordelast» tilbake til forbrukarane. Det er eit paradoks at staten gjennom desse forbruksavgiftene tek i mot stadig høgare inntekter frå hushald og næringsliv dess høgare kraft-prisane er. Vi meiner

det fort kan bli krevjande å halde staten sine auka inntekter skilde frå forbrukarane sine auka kostnader basert på ein galopperande straumpris. For mange vil denne situasjonen fortone seg som skjult skatteauke, og ikkje som i utgangspunktet – å vere eit insentiv til energisparing og effektivisering.

## 2) Krafteksporten må avgrensast:

Gjennom energilova av 29. juni 1990, som vart sett i verk i 1991, innførte Noreg som eit av dei første landa i verda ei marknadsbasert kraftomsetjing. Heilt frå 1960 har vi hatt kablar til utlandet (Sverige). I dag har vi 17 utanlandskablar til andre land.

Kraftutveksling med andre land inneber både eksport og import av kraft, og i dag er Noreg fullt integrert i den europeiske energimarknaden. Dette gjeld både fysisk, juridisk og politisk. Likevel har vi over tid, også dei siste åra, hatt lågare kraftprisar heime enn i Europa.

No har kraftprisane i Noreg i vinter nådd nivå vi aldri før har sett. Det er sett i verk tiltak frå myndigheitene for å bøte på dei verste utslaga.

### Kva har gått galt?

Kraftføretaka er etter lova pålagte å drive anlegga sine etter forretningsmessige føremål innanfor gjeldande konsesjonar. Marknaden fungerer slik at krafta i marknaden flyt dit prisane er høgast. Når kraftprisane på kontinentet vanlegvis er høgare enn i Noreg, vil grunnlaget for eksport vere til stades. Det vil likevel vere periodar, til dømes når det bles mykje i Europa, at det vil vere lønsamt å importere kraft, framfør å nytte dei oppdemde vassmagasina i Noreg til produksjon. I det store biletet vil kraftutveksling føre til at vi importerer høgare kraftprisar frå Europa.

Det verkar som om den europeiske kraftmarknaden no har brote saman. Det er nok fleire grunnar til dette, men det påverkar også den norske marknaden via vår fullstendige integrasjon.

Klimapolitikk er nok ei av drivkreftene. Den europeiske energimarknaden er avhengig av atomkraft, kol og gass. Klimasaka fører til høgare prisar på kol og høgare CO<sub>2</sub>-avgifter og politisk press på å avvike atomkraft. Lite gass på lager, og mindre russisk gass inn i Europa, har ført til svært høge gassprisar. Dette saman med lite vind i Europa, og lite nedbør i norske vassmagasin på same tid, er grunnane til dei ekstremt høge prisane i vinter, både heime og i Europa.

Det er diverre grunn til å frykte at dagens situasjon med høgre kraftprisar vil vare ved. Det er sterk politisk uro i EU kring energisituasjonen i Europa. EU sitt overordna omsyn er å sikre kraftforsyning til borgarar og næringsliv, men på den andre sida er klimautfordringane definert som den største politiske utfordringa dei står ovanfor. Dagens energiforsyning i EU er den verste fienden til klimaet. Rett over nyttår tilrådde EU-kommisjonen medlemslanda til å definere kjernekraft og gasskraft som grøne og klimavenlege i den såkalla taksonomiforordninga.

Regjeringa har varsla at ein vil reforhandle utvekslingsavtalane for straum. Vi støttar denne strategien. Det er handlingsrom i gjeldande konsesjonar for utanlandskablane, viser her til pkt. 12 i konsesjonsvilkåra for kabelen til Tyskland, vedteken i 2014; **«Olje- og energidepartementet forbeholder seg rett til å endre vilkårene i konsesjonsperioden dersom allmenne hensyn gjør dette nødvendig.»**

Ålmenne omsyn er omsynet til ålmenta. Det ligg etter vårt syn føre openberre ålmenne omsyn som krev at Noreg i særlege situasjonar – slik som no – må kunne innføre avgrensingar på krafteksport for å sikre ein betre innanlandsk kraftbalanse. Det vil innebere korreksjonar av det marknadsmessige utgangspunktet om at krafta vil flyte der prisane er høgast, men under føresetnad av at slike

avgrensingar vert innført berre i ekstreme prissituasjonar, som no, så kan vi ikkje sjå at dette vil innebere ei undergraving eller vere til hinder for den frie marknaden.

Vi vil også påpeike at føresetnadene for utanlandskablane er blitt endra dei siste åra. Europa har fasa ut stabile kraftkjelder som atomkraft og kolkraft mykje kjappare enn ein først la til grunn, og dermed har dei fått eit mykje større behov for importert kraft.

### **3) Inga elektrifisering av norsk sokkel med kraft frå vestlandet:**

Noreg har i dag eit kraftoverskot i eit normalår. Vi produserer årleg meir vasskraft enn vi brukar. I 2021 hadde vi ei samla produksjon av vasskraft på 159 Twh og eit samla innanlands forbruk på 139 Twh. Vi eksporterte 25,5 Twh og importerte 8,2 Twh syner tal frå Statnett.

Dei omfattande planane om ny industrireising i tilknytning til det grønne skiftet vil endre denne kraftbalansen på kort tid, og vil syne oss at behovet for meir kraft er reelt. I tillegg er det over tid blitt uttalt ei politisk vilje til å elektrifisere våre olje- og gassinntallasjonar til havs, noko som åleine vil auke behovet for straum med opp til 20 Twh.

Vårt syn er at statlege myndigheiter må ta omsyn til den kraftsituasjonen som har oppstått i landet, og gå vekk frå ideen om å nytte kraft frå vestlandet til å elektrifisere norsk sokkel.

Vi meiner elektrifisering av norsk sokkel berre flyttar klimautslepp frå Noreg til Europa. Det vil svekke tilgangen til naudsynt kraft til dei mange og spennande fornybare og «grønne» prosjekta som næringslivet på vestlandet har lansert dei siste åra. Dette vil også svekke vestlandet sin moglegheit til å kome godt ut av det naudsynte skiftet frå petroleum- til fornybarindustri.

Vi meiner Noreg må trappe opp teknologiutviklinga kring havvind, både med omsyn til tempo og ressursbruk. Kraft frå havvind må erstatte den noverande politiske visjonen om å elektrifisere sokkelen med elektrisk kraft frå land. Difor må all kraft frå havvind brukast til å elektrifisere norsk sokkel, og så førast i land via kablar til Noreg.

Regjeringa er i ferd med å sette ned ein energikommisjon, noko vi støttar fullt ut. Det hastar med å få etablert ein slik kommisjon. Vi meiner også at kommunesektoren er så sentral i alt som har med kraftmarknaden å gjere, t.d. via forsyningstryggleik og ny krafttilgang, at kommunane bør få ein plass i denne kommisjonen.

28. januar 2022

Med helsing

Sogn regionråd  
Hilmar Høl  
rådsordførar

Hardangerrådet  
Roald Aga Haug  
rådsordførar

Voss herad  
Hans-Erik Ringkjøb  
ordførar